

Johann Roppen

Fra: Johann Roppen
Sendt: fredag 21. februar 2020 11:42
Til: ALLE-Campus
Emne: NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 8/2020, 21. FEBRUAR

NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 8/2020, 21. FEBRUAR

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no.

[Arkiv med tidlegare nyhendebrev.](#)

BEREDSKAP MOT CORONA-VIRUS: LES HØGSKULENS PANDEMI-PLAN

Det er diverre høgaktuelt å snakke om smitteberedskap i samband med Corona-viruset. Høgskulen har i sine kriseplanar også ein plan som gjeld handtering av pandemi. Planen er å finne [i handbøkene ilag med andre beredskapsplanar](#).

REKRUTTERINGSFILM 2020: 52 GODE GRUNNAR TIL Å VELJE HØGSKULEN I VOLDA

I 2020 vert studiekatalogen for Høgskulen i Volda formidla i form av ein kortstokk! Den inneheld 52 gode grunnar til å velje Høgskulen i Volda for framtidige studentar, og har ein QR-kode til den digitale studiekatalogen. Kortstokken gjorde stor suksess på messer rundt i landet, og det har no blitt film: I Trondheim viste Allan Hagen den fram på magisk vis, under mottoet at det å studere ved HVO er MAGISK! Både filmen og andre smakebitar frå kortstokken vil dukke opp i alle kanalar i tida fram mot søknadsfrist.

Vi håper sjølvsagt alle tilsette vil dele den og bli litt stolte av å vere ein del av noko magisk – og at påtoppande studentar for ei rekkje gode grunnar til å velje HVO! Filmen ligg ute på høgskulens kanal på Youtube og på Facebook. [Her er lenke til filmen på Youtube](#).

På denne nettsida kan du bla deg gjennom dei 52 korta i kortstokken: <https://www.hivolda.no/godegrunnar>

32 SØKARAR PÅ 4 STIPENDIATSTILLINGAR

Høgskulen har hatt ute ei opa utlysing av inntil 4 stipendiatstillingar og då søknadsfristen gjekk ut 20. februar var det heile 32 søkarar på stillingane. Forskingsutvalet hadde i førre møte oppe korleis faglege vurderingar av søknadene skal gjennomførast og det vil no bli laga ein tidsplan for tilsettingsprosessen. [Her er utlysinga av stillingane \(søknadsfristen er ute\)](#).

HØGSKULENS NYE STUDENTOMBOD KJEM 26. FEBRUAR

Onsdag 26. februar kjem studentombod Kjersti Brevik Møller til høgskulen. Ho vil ha stand i kantineområdet og elles ha møte med Studentparlamentet og andre. Studentombodet er ei lovpålagt teneste, og er ei uavhengig rådgivingsteneste som studentar kan nytte til å få råd om kva rettar dei har i høve til studiesituasjonen. Høgskulen i Volda deler studentombodet med Høgskulen på Vestlandet. [Les meir om studentombodet her](#).

HØYRING: FRAMLEGG TIL NY UNIVERSITETS- OG HØGSKULELOV

Regjeringa har denne veka sendt på høyring framlegget til ny Universitets- og høgskulelov som vart lagt fram 13. februar 2020 i form av ein NOU: "NOU 2020: 3 Ny lov om universiteter og høyskoler". Utvalet som har arbeidd med framlegget vert også kalla Aune-utvalet etter utvalsløiar Helga Aune. Høyringsfristen er 22. mai 2020 og høgskulestyret i Volda får saka på bordet på styremøtet 24. april. Høgskuleleiinga vil om kort tid kome med eit opplegg for intern drøfting av lovframlegget som ein del av førebuing av styresaka til april-møtet.

Nettavisen Khrono har gjeve ein grei [presentasjon av mange av framlegga i NOU-en](#).

[På denne nettsida ligg høyringsbrevet, NOU-en og her vil etterkvart også innkomne høyrings svar bli å finne.](#)

FORSKINGSMIDLAR: SÅKORNMIDLAR OG FOU-STIPEND HAR SØKNADSRIST FRIST 10. MARS

Alle tilsette har fått e-post med informasjon om såkornmidlar og FoU-stipend. Såkornmidlane er særleg retta inn mot forskingsgrupper og skal primært føre fram til prosjektsøknader. Den vel etablerte ordninga med FoU-stipend skal gå til forskning og fagleg utvikling, og utlysinga no gjeld FoU-stipend som skal nyttast i 2021. For begge

ordningane gjeld at søknadsfristen er 10. mars 2020. [Her er meir informasjon om ordningane](#). Professor og dosentstipend vert lyst ut til hausten.

HMS-DAG 27. FEBRUAR: "Arbeidsmiljø - kommunikasjon på godt og vondt"

Høgskulens HMS-dag blir i år torsdag 27. februar kl 12.30-15.00 på Kaarstad 204. Seminaret vart flytta frå Aasen-auditoriet fordi det var så stor interesse for seminaret. Hovudtema for dagen er: "Arbeidsmiljø - kommunikasjon på godt og vondt". Professor Tor-Johan Ekeland har ansvar for det faglege opplegget. Blant tema som skal diskuterast er blant anna krav og forventningar til arbeidsmiljø, makt og avmakt og "Konflikt: Kommunikasjon i "krig og fred"".

PUBLISERINGAR (1): SEND GJERNE TIPS!

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon når ei bok har kome ut eller lenke til ein artikkel som har vorte publisert og gjort tilgjengeleg i eit tidsskrift.

PUBLISERINGAR (2): JØRGENSEN OG EKELAND I "INTERNATIONAL JOURNAL OF RELIGIOUS TOURISM AND PILGRIMAGE"

Stipendiat [Nanna Natalia Jørgensen](#) (førsteforfattar) og professor [Tor-Johan Ekeland](#) er to av fire medforfattarar på artikkelen: "[The Processes, Effects and Therapeutics of Pilgrimage Walking the St. Olav Way](#)" i tidsskriftet International Journal of Religious Tourism and Pilgrimage. Dei to andre medforfattarane er Catherine A. N. Lorentzen (USN) og John Eade (Univ of Roehampton). Ekeland og Lorentzen er hovud- og siderettleiar for Jørgensen.

FORSKINGSDAGANE 17.-22.9.2020: TEMA: HJERNEN

Det nasjonale [temaet for Forskingsdagane 2020 er «Hjernen»](#). Ved Høgskulen i Volda legg vi opp til arrangement på høgskuleområdet i tida 17.-22. september 2020. Den offisielle opninga av Forskingsdagane 2020 vil finne stad i biblioteket fredag 18. september kl. 11 i samband med utdelinga av den årlege [FoU-prisen](#). Dei seinare åra har Forskingsdagane gjennomført arrangement i kommunane Volda, Ørsta, Herøy, Hareid, Ulstein, Ålesund og Stryn. Høgskulen ynskjer arrangement også i andre kommunar på Nordvestlandet. Ta kontakt med koordinator og NFR-regionkontakt Geir Tangen dersom du har idear og forslag til program under Forskingsdagane 2020 ved Høgskulen i Volda.

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2020

[Oversyn over møte og sakspapir til dei mest sentrale råd og utval ved HVO.](#)

[Sjå også datoar for festivalar på Festivalforum for Søre Sunnmøre](#)

- 21.2.2020: Disputas, [Anne Randi Fagerlid Festøy](#), Høgskolen i Innlandet
- 24.2.2020: Høyringsmøte om [nye språkpolitiske retningslinjer for Høgskulen i Volda](#)
- 27.2.2020: HMS-dag.
- 5.3.2020: Styremøte 1/2020
- 9.-10.3.2020: [Nasjonal PPU-konferanse: "Lærarkvalifisering for framtida"](#)
- 18.-19.3.2020: Seminar for alle administrativt tilsette, Loen
- 19.-20.3.2020: Nasjonalt nettverk for rettleiing av nyutdanna lærarar, samling på HVO
- 24.-25.3.2020: Avdelingsseminar AMF
- 25.-26.3.2020: Solstrand-seminar. UH Nett Vest
- 26.-27.3.2020: Avdelingsseminar ASH
- 30.-31.3.2020: [Seminar: "Digital skaparkraft og dømmekraft"](#)
- 14.-15.4.2020: Avdelingsseminar AKF
- 20.-22.4.2020: [It's Volda](#), internasjonal studentkonferanse
- 22.-26.4.2020: [Dokumentarfilmfestivalen](#)
- 23.-24.4.2020: Skuleleiarkonferanse, Molde
- 23.4.2020: Styremøte 2/2020
- 28.-29.4.2020: NOKUT-tilsyn, institusjonsbesøk
- 11.6.2020: Styremøte 3/2020
- 18.-19.6.2020: [Fjordkonferansen 2020](#)
- 8.-19.6.2020: SEANSE: Kunstnaropphald
- 18.8.2020: Studiestart, studieåret 2020-2021
- 1.-4.10.2020: [Animation Volda](#)

29.-30.10.2020: Barnehagekonferansen 2020, Ålesund

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

[14.2.2020: EU har forstått det: Næringslivet treng \(også\) kreativitet](#)

[14.2.2020: Campusutviklingsplanen har kome \(eller: Var det Rekketunplanen?\)](#)

[Alle blogginnlegg](#)

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

[Nytt om bygging av nytt mediehus](#)

[Nytt om bygginga av Volda Campus Arena \(Volda kommune\)](#)

[Volda Campus Sparebank1 Arena: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Studentheimane på Heltne: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Mediehuset: Minutt-for-minutt-bilde](#)